

Revisjon av eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag Holding

Bakgrunn:

Etter ny kommunelov § 26-1 skal kommunen minst éin gang i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. I tillegg kan kommunen ha særskilt eigarstrategi for einskilbedrifter, slik ein har valt for VTK.

Sidan 2018 har ein hatt ein eigarstrategi for selskapet. Siste revisjon i 2023 kom ikkje ut med likt vedtak i kommunestyra, ettersom Kviteseid ikkje slutta seg til strategien slik den då låg føre.

Vurdering:

Utkastet til justert eigarstrategi har vore til handsaming i eigarmøte for Vest-Telemark kraftlag Holding 27. januar 2025. Der møtte styret, administrativ leing av selskapet og ordførarane i kommunane.

Strategidokumentet fått oppdaterte opplysningar om selskapet. Eigarstrategien er elles tilpassa styrande organ sin praktisering av *Den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse* (NUES) og KS sine tilrådingar for eigarstyring og selskapsleiing.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek eigarstrategien slik den ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedlagde eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag Holding. Eigarstrategien blir revidert i løpet av neste kommunestyreperiode.